

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 03.12.2007 **Tid:** 15.00 – 17.45

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte alle.

**Andre som var tilstade på møtet:**

Administrasjonssjefen

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. desember 2007

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart samrøystes vedtekne.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart godkjend.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Øyvind Røen** ba om informasjon om møte med BKK i førre veke.

I samband med at BKK førebur søknad om konsesjon for utbygging av Aldalsvassdraget var det i førre veke fleire informasjonsmøte. På eit av møta – i referansegruppa – var ordførar, adm.sjef og leiar frå teknisk eining til stade som repr. frå kommunen. På møtet vart det gitt informasjon om planane og om prosessen vidare. Det vart stilt ei rekke spørsmål om prosjektet, alt frå kva naturinngrep som vart gjort til kva det medførte av økonomiske vinstar for kommunen. Det er no tid for å koma med tilbakemeldingar om tema som ein ønskjer utgreidd vidare. Det er førebels ikkje teke initiativ frå BKK for å få avklara kommunen sine standpunkt, og dette er heller ikkje tema. Møtet var ein ledd i den normale saksgangen fram mot søknad.

Røen peika på at dei mange planane for høgfartsbane tilseier at BKK tek dette med i vurderingane, ikkje minst tilhøve til planlagt kraftlinje.

**Brigt Olav Gåsdaal** ba om informasjon om bassenget ut frå at han har høyrte at dekkje i bassenget flassar av.

Problemet med avflassing har auka på. Det vart tidleg oppdaga, og det kjem inn under garantiordningar. Dekkje må takast att, og det vil føra til ulempe for brukarane då det må stengjast ei viss tid. Det er ikkje teke stilling til når dette skal gjerast.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

- Inngåing av fastpriskontrakt på sal av konsesjonskraft for 2008. Avtalen inneber ein vesentleg større inntekt enn føresett i budsjettframlegget.
- Møte med BKK om forskottering av midlar til tunnel bak Ytre Tysse og tilskot til tiltak på Ytre Tysse.
- Arbeidet med etablering av nærinshage på Ytre Tysse.
- Tilskot frå Enova til miljø- og klimaplan.
- Rehabilitering av svømmebassenget, rapport frå revisjonen. Det var semje om å handsama denne som sak i februar.
- Plan for hamn for Bergensregionen. Det vart drøfta korleis kommunen skal arbeida med denne saka.
- Situasjonen på legekantoret. Ordførar fekk fullmakt til å undersøkje med kommunelege 1 om han er viljug til å arbeida i stillinga ei stund vidare gitt at kantoret får auka ressursar.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0039/07	07/00425 <b>UTTALE TIL FRAMLEGG TIL NY STRUKTUR FOR POLITISTASJONS- OG LENSMANNSDISTRIKTA I HORDALAND POLITIDISTRIKT</b>
0040/07	06/00300 <b>STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGEN 2006-2009. FINANSIERING AV KJØP AV AKSJER</b>
0041/07	07/00453 <b>FASTSETJING AV GODTGJERSLA TIL ORDFØRAR 2008</b>

0039/07

## **UTTALE TIL FRAMLEGG TIL NY STRUKTUR FOR POLITISTASJONS- OG LENSMANNSDISTRIKTA I HORDALAND POLITIDISTRIKT**

### **Handsaming i møte:**

Saka vart drøfta, og ut frå drøftingane vart det sett fram eit felles framlegg frå Øyvind Røen og Vidar R Rolland. Dette vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Samnanger kommune går inn for å oppretthalda Samnanger lensmannskontor som eiga driftseining, med same bemanning og tenestetilbod som i dag.

Samnanger kommune går inn for samarbeidsordningar mellom tenestestadane i distriktet som kan gje betre vaktordningar og ei meir publikumsretta polititeneste og som betrar arbeidstilhøva for dei tilsette.

Samnanger kommune meiner at i ein eventuell samarbeidsregion Fusa, Samnanger og Kvam peikar Samnanger seg ut som eit naturleg sentrum for vakt- og beredskapstenesta. Til grunn for dette ligg reiseavstandar og trafikkmønster.

0040/07

## **STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGEN 2006-2009. FINANSIERING AV KJØP AV AKSJER**

### **Framlegg til vedtak::**

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak i sak 17/07 kjøper Samnanger kommune aksjer i Business Region Bergen til ein kostnad på kr 20.000. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet og utgiftsført på konto nr. 0.1400.3251 5902.

### **Handsaming i møte:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak i sak 17/07 kjøper Samnanger kommune aksjer i Business Region Bergen til ein kostnad på kr 20.000. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet og utgiftsført på konto nr. 0.1400.3251 5902.

0041/07

## **FASTSETJING AV GODTGJERSLA TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR 2008**

### **Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonssjefen.

### **Handsaming i møte:**

I møtet sette Brigt Olav Gåsdal fram eit framlegg som vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Ordførargodtgjersla vert frå 01.01.2008 sett til kr 450.000 pr. år. Varaordførargodtgjersla vert sett til kr 26.000 pr. år. Dette tilsvarar ein auke på mellom 4 – 4,5%..